



Sævareid Fiskeanlegg AS

5645 SÆVAREID

Dato: 02.03.2015

Vår ref.: 2014/19386-19

Sakshandsamar: Endre Korsøen

Telefon: 917 64 632

## H-FS-15 og H-FS-18 Sævareid Fiskeanlegg AS org. nr. 924931671 - Løyve til å etablere anlegg for oppdrett av settefisk av laks og aure på lokalitet 10141 Sævareid i Fusa kommune

Vi syner til Dykkar søknad datert 15.08.2014.

### Vedtak

Hordaland fylkeskommune gjev med dette Sævareid Fiskeanlegg AS, org. nr. 924931671, akvakulturløyva med reg. nr. H-FS-15 og H-FS-18 løyve til å etablere settefiskanlegg for oppdrett av laks (*Salmo salar*), aure (*Salmo trutta*) og regnbogeaure (*Oncorhynchus mykiss*) på følgjande lokalitet i Fusa kommune i Hordaland fylke:

Nr	Lokalitet	Kommune	Kapasitet (stk)	Anleggets midtpunkt Euref89/WGS84
10141	Sævareid	Fusa	20,0 mill.	60° 11.341' N 5° 45.829' E

Særskilde vilkår som er ein føresetnad for dette vedtaket:

- Settefisk av laks, aure og regnbogeaure skal ikkje ha ei individvekt som overstiger 250 gram, jf. akvakulturdriftsforskrifta § 55.
- Henangervatnet skal nyttast som vasskjelde. Uttak av vatn må skje i samsvar med vilkår gjeve av NVE i vedtak av 25.11.2010.
- Utsleppsløyve frå Fylkesmannen i Hordaland gjeld for produksjon av sjøklar settefisk av laks og aure med maksimalt årleg fôrforbruk på 4300 tonn og maksimal samla biomasse på inntil 4300 tonn.
- Mattilsynet DK Sunnhordland og omland har gjeve løyve til å utvide produksjonen til inntil 20 millionar sjøklar settefisk med snittvekt på 200 gram, med variasjon opptil 500 gram.

Dette løyvet erstattar tidlegare lokalitetsklarering for 10141 Sævareid av 25.03.2010.

### Lovheimel

Løyvet er gjeve av Hordaland fylkeskommune med heimel i Lov av 17.06.2005 nr. 79 om akvakultur og Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse for akvakultur for laks, ørret og regnbueørret (laksetildelingsforskrifta). Dette løyvet etter akvakulturlova inkluderer løyve etter matlova, forureiningslova, havne- og farvannslova og vassressurslova.

## Grunngjeving

Sævareid Fiskeanlegg AS søker om løyve til utviding av settefiskløyva for laks og aure på lokalitet 10141 Sævareid i Fusa kommune.

## Om søknaden

Sævareid Fiskeanlegg AS søker om løyve etter akvakulturlova for å auka produksjonen frå 10 millionar til 20 millionar sjødyktig settefisk. Bakgrunnen for dette er kundane sine behov for meir, og større smolt. Det er etterspurnad etter meir stor smolt for å korte ned produksjonstida i sjø.

Produksjonen vil bli inntil 4300 tonn biomasse per år med eit fôrforbruk på 4300 tonn. Auken i produksjonen er basert på resirkulerings- og gjenbruksanlegg og fører difor ikkje til auke i vassuttaket.

Ferskvasskjelde er Henangervatnet og det er gjeve konsesjon etter Vassressurslova til uttak av vatn. Denne søknaden har vore til vurdering hos NVE, og NVE har stadfesta at saka ikkje treng handsamast etter Vassressurslova. Nytt vassinntak er under bygging og planlagd teken i bruk i juli 2014.

Område som er planlagt brukt er tilrettelagt for industriellproduksjon, og arealet er avsett til akvakultur i arealplanen til Fusa kommune. Auka produksjon vil skje under tak, og mest aktuelle område er avmerkt med planlagt på kartskisse.

Avrenning frå anlegget går ut i sjøen i den indre delen av Sævareidfjorden. Utsleppsleidingane ligg på 17 meter djupne. Anlegget har reinsa avløpet i mange år og teknologien har stadig vorte betre. Verksemda arbeider stadig med å auka reinseeffekten. Det er utført resipientgranskingar i utsleppsområde sidan 1985. Granskingar av miljøtilhøva i resipienten vert utført kvart 3. år.

Tiltaket medfører ikkje naturinngrep utover dei areala som vert nytta til smoltproduksjon. I dei miljøfaglege rapportane tek ein utgangspunkt i Naturmangfaldlova sine §§ 4-12 for vurdering av verknad på det ytre miljø. Utvidinga vil derfor truleg ikkje medføre særlege negative verknad for dei omkring liggjande andre brukarinteressene knytt til biologisk mangfald, fiskeri- og havbruksinteresser og resipientforhold.

Eit utvida settefiskanlegg vil gje samfunnsmessige positive ringverknader, med trygging av eksisterande arbeidsplassar, og behov for fleire tilsette.

Dersom det vert gjeve løyve etter laksetildelingsforskrifta som omsøkt, skal det deretter sendast søknad til Fiskeridirektoratet om dispensasjon frå akvakulturdriftsforskrifta § 55 om auka individvekt for settefisk av laks på inntil eit kg.

## Om KU

I følgje Forskrift om konsekvensutredninger FOR 2009-06-26 nr. 855 § 3 e) skal større akvakulturanlegg handsamast etter forskrifta sitt kapittel III, dersom dei kan få vesentlege verknad for miljø og samfunn, jf. kriteria i § 4. Hordaland fylkeskommune er ansvarleg styresmakt for å foreta vurderinga av om "større anlegg" skal handsamast etter forskrifta. Søknaden gjeld eit settefiskanlegg for meir enn 5 millionar stykk, og plikt om konsekvensutgreiing må difor vurderast.

Hordaland fylkeskommune har vurdert om tiltaket vil kunne føre til vesentlege verknader for miljø og samfunn. Som grunnlag for ei slik vurdering har fylkeskommunen tatt utgangspunkt i opplysningar og vurderingar gjort av søkjar i rapportar til søknaden. I samband med søknad om utviding av anlegget frå 5 mill. til 10 mill. stykk i 2009 var konklusjonen, etter høyring av berørte etatar, at det ikkje var behov for KU.

Ut frå dokumentasjon og vurderingar i søknaden ser ein ikkje at søknaden blir omfatta av krav til konsekvensutgreiing og utgreiingsprogram. Kravet til KU bør utløyast dersom søknaden ikkje opplyser,

dokumenterer og vurderer konsekvensane i tilstrekkelig grad, og at ein KU vil gje meir informasjon utover søknaden sitt innhald og vurderingar. Hordaland fylkeskommune vurderer denne søknaden til å innehalde tilstrekkeleg opplysningar, dokumentasjon og vurderingar i høve til konsekvensane søknaden utløyser.

Hordaland fylkeskommune har ikkje kjennskap til tilhøve som medfører at det vert utløyst krav om ytterlegare konsekvensutgreiing for det omsøkte tiltaket. Søknaden vart etter dette tatt til handsaming på vanleg måte etter reglane i laksetildelingsforskrifta.

#### Offentleg utlysing

Søknaden vart kunngjort etter retningslinene og har lege ute til offentlig innsyn i Fusa kommune. Det kom inn ein merknad frå Fiskarlaget Vest.

Fiskarlaget Vest føreset at best teknologi blir nytta i høve reinsing og at resipienten vert overvaka, samt at ein må ha ein tiltaksplan for endringar i miljøtilhøva i fjorden. Området utafor anlegget er registrert som gytefelt, og område for passive reiskap, samt kaste- og låssettingsplass.

Fusa kommune, har den 07.10.2014 kome med følgjande uttale: " *Rådmannen rår til å gje løyve.*"

Søknaden er vurdert av NVE 16.05.2014. Sævareid Fiskeanlegg AS har ein konsesjon etter vassressurslova, gjeve av NVE 25.11.2010. Konsesjonen omfattar ei regulering av Henangervatnet med 150 cm, eit vassuttak på maksimalt 300 m<sup>3</sup>/min og gjennomsnittleg uttak over året på inntil 200 m<sup>3</sup>/min. Ved å ta i bruk fullverdig resirkuleringsteknologi på deler av anlegget, vil Sævareid Fiskeanlegg AS i følgje meldinga kunne ta ut vatn innanfor gjeldande konsesjon etter vassressurslova og utan auka bruk av råvatn.

På bakgrunn av melding der søkar ikkje skal ta ut meir råvatn og uttale om at søkar skal halde seg innanfor den konsesjonen som ligg føre, vurderer NVE at det ikkje vil medføre behov for ei ny vurdering etter § 8 i vassressurslova.

Søknaden er handsama av Kystverket Vest 13.10.2014. Med heimel i havne- og farvannslova § 27 vert det gjeve løyve til å leggje ut avløpsleidning som omsøkt frå settefiskanlegg 10141 Sævareid i Fusa kommune i samsvar med vedlagte stempla kart.

Leidningen skal leggjast ut i indre del av Sævareidfjorden, der det er registrert bilei 2210 Sævareidfjord. Sjøtrafikken i området består i hovudsak av farty som skal til og frå settefiskanlegget. Kystverket ivaretek omsynet til sikker ferdsel og god framkomst på sjø. I dette tilfellet kan ikkje Kystverket Vest sjå at omsøkt tiltak vil utgjere noko hinder for vanleg sjøtrafikk, med unntak av bruk av anker langs leidningstraséen.

Søknaden er handsama av Mattilsynet DK Sunnhordland 04.11.2014. I medhald av § 5, jf § 7 i Forskrift av 17.06.2008 nr. 823 om etablering og utviding av akvakulturanlegg, zoobutikkar m.m., gjev Mattilsynet DK Sunnhordland løyve til å utvide produksjonen på lokalitet 10141 Sævareid til inntil 20 mill. sjøklar settefisk på 200 g, med variasjon opp til 500 g.

Søknaden er handsama av Fiskeridirektoratet Region Vest 07.11.2014, og vurdert i høve til konsekvensar for tradisjonell fiskeriverksemd. Fiskeridirektoratet Region Vest har registrert fiskeområde for sei og lyr i Sævareidfjorden, gyteområde for kysttorsk og låssettingsplassar for makrell og sild. Under føresetnad av at utsleppet vert reinsa og at miljøtilhøva i resipienten vert granska kvart 3. år, vil Fiskeridirektoratet Region Vest ikkje rå frå at søknaden vert stetta.

Søknaden er handsama av Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern- og klimaavdelinga 24.02.2015. Fylkesmannen har handsama søknaden etter forureiningslova og vurdert han etter naturvern-, friluftsliv-, vilt-, lakse- og innlandsfiskeinteresser, og naturmangfaldlova.

Med heimel i forureiningslova frå 13.03.1981 nr. 6, § 11 og 16 har Fylkesmannen i Hordaland gjeve Sævareid Fiskeanlegg AS løyve til utslepp til luft og vatn for produksjon av sjøklar settefisk av laks og aure med maksimalt årleg fôrforbruk på 4300 tonn og maksimal samla biomasse på inntil 4300 tonn på lokaliteten Sævareid i Fusa kommune. Utslepp av nærings salt skal ikkje overstige 130 tonn total nitrogen, 14 tonn total fosfor og 148 tonn organisk materiale målt som TOC. Utsleppsløyvet er gitt i medhald av forureiningslova § 11, jf. § 16.

Det er sett krav om reinsing av avløpsvatnet, krav om dokumentasjon av reinsegrad og overvaking av resipienten. Det er sett krav om at slammet skal leverast godkjend mottak og at det skal handsamast slik at det ikkje genererer luktproblem for naboar.

Verksemda skal undersøkje miljøtilstanden på lokaliteten med resipientgranskingar og strandsonegranskingar i tråd med tidlegare granskingar. Siste gransking er frå 2014. Resipientgransking kvart 5. år vil vere tilstrekkeleg når dette blir kombinert med hyppigare (kvart eller annakvart år avhengig av tilstand) granskingar ved utsleppspunktet (tilpassa MOM B gransking).

Verksemda kan bli pålagt å utføre meir omfattande overvaking, eller delta i dei undersøkingane som Fylkesmannen finn nødvendig for å kartlegge forureiningseffekten anlegget har på resipienten, jf. forureiningslova § 51. Dersom miljømålet om at resipienten ikkje skal ha dårlegare tilstand enn no ikkje blir nådd, vil fylkesmannen pålegge å føre avlaupsvatnet i røyrt ut forbi terskelen.

Det er ikkje funne registrering av særlege interesser knytt til naturvern og friluftsliv området rundt lokaliteten Sævareid.

#### Hordaland fylkeskommune

Søknaden har vore utlagt til offentleg ettersyn og er handsama av Fusa kommune og relevante sektorstyresmakter. Hordaland fylkeskommune har ansvaret for å slutthandsame søknaden etter akvakulturlova og laksetildelingsforskrifta.

Generelle vilkår for klarering av lokalitet er gjeve i laksetildelingsforskrifta § 30: Lokalitet for akvakultur kan klarerast dersom:

- a) *det er miljømessig forsvarlig;*
- b) *det er foretatt en avveining av arealinteresser, med særlig vekt på*
  - 1. *søkers behov for areal til planlagt akvakultur,*
  - 2. *alternativ bruk av området til annen akvakultur,*
  - 3. *annen bruk av området, og*
  - 4. *verneinteresser som ikke omfattes av bokstav d.*
- c) *det er gitt tillatelser som kreves etter*
  - 1. *lov 19. desember 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattrygghet mv.,*
  - 2. *lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall,*
  - 3. *lov 17. april 2009 nr. 19 om havner og farvann.*
- d) *det ikke er i strid med*
  - 1. *vedtatte arealplaner etter plan- og bygningsloven 14. juni 1985 nr. 77,*
  - 2. *vedtatte vernetiltak etter kapittel V i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold,*
  - 3. *vedtatte vernetiltak etter lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner.*

#### Vurdering i høve til bokstav a):

Med miljømessig forsvarleg meiner ein i denne samanheng både forureining og økologiske effektar.

Påverknad på omgjevnaden gjennom støy og utslepp til luft og vatn er også vurdert av Fylkesmannen i Hordaland som har gjeve utsleppsløyve etter forureiningslova.

Lokaliteten Sævareid ligg i vassførekomsten Sævareidfjorden. Vassførekomsten har moderat økologisk tilstand med bakgrunn i resipientgranskingane ved settefiskanlegget. Sævareidfjorden blir i resipientgranskinga karakterisert som noko belasta med organisk materiale. Utviklinga i resipienten etter at settefiskproduksjonen starta har synt at resipienten er utsett for ein gjødslingseffekt. Før utsleppa av næringsstoff frå settefiskanlegget var resipienten prega av utsleppa av sagflis, og faunaen var fattig både på artar og individ. I dag er tal artar på nivå med det som er normalt i våre fjordstrok, men individtalet er monaleg høgare.

Krav om at miljøtilhøva i resipienten vert granska kvart 5 år, i kombinasjon med hyppigare granskingar ved utsleppspunktet, vil vera med å sikre at utviklinga i resipienten vert overvaka slik at tiltak kan settast inn dersom den økologisk tilstanden får ei negativ utvikling.

Mattilsynet har forvaltningsansvaret for lakselus, dette inkluderer også eventuell påverknad av lakselus på vill laksefisk. Mattilsynet har vurdert søknaden og gjeve løyve til etablering.

Rømming av laks er oppfatta som ei uakseptabel hending uavhengig av lokalisering. Ei utviding av anlegg på lokaliteten må følgje gjeldane standardar og anna regelverk på dette området.

Lokaliteten ligg inne i ein fjord som er eit viktig område for sjøaure. Det er viktig at verksemda prioriterer effektive tiltak mot lakselus og rømming.

Det er registrert eit mindre gyteområde for torsk i Sævareidfjorden som har lokal verdi. Det finnast lite eksakt kunnskap om i kva grad utslepp frå settefiskanlegg kan påverke gyteadferd hos torsk, og ein har derfor ikkje haldepunkt for å hevde at auka utslepp frå anlegget i Sævareidfjorden vil representere stor negativ påverknad for torsken si gyting.

Lokaliteten kjem ikkje i konflikt med trua eller sårbare artar, viltområde eller naturtypar som har eit kjent behov for særskilt beskyttelse.

Ved handsaming av søknaden er sakshandsamingsreglane i naturmangfaldlova av 19. juni 2009 nr. 100 § 8 - 12 følgt i vurdering av om tiltaket det vert søkt om er miljømessig forsvarleg etter laksetildelingsforskrifta §30a. Søknaden har på vanleg måte etter reglane i akvakulturlova vore til handsaming hjå kommunen og sektorstyresmaktene, og det er ikkje kome opplysningar om at saka ikkje er tilstrekkeleg opplyst i høve til oppdrettsanlegget si påverknad på naturmangfaldet. Hordaland fylkeskommune vurderer derfor at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg til å fatte eit vedtak og at det omsøkte tiltaket ikkje har ein irreversibel påverknad på naturmangfaldet.

#### Vurdering i høve til bokstav b):

##### Søkar sitt behov for lokaliteten:

Sævareid Fiskeanlegg AS sitt behov for lokaliteten er tidlegare vurdert i samband med tidlegare lokalitetsklareringar. Fyrste løyve på lokaliteten vart gjeve i 1978.

##### Alternativ bruk av området til annan akvakultur:

Området er allereie i bruk til oppdrett av settefisk av laks og aure, og det er soleis ikkje relevant å vurdere alternativ bruk av området til annan akvakultur.

##### Annan bruk av området:

Sævareid Fiskeanlegg AS søker om auka produksjonen av settefisk innanfor eksisterande anleggsområde. Det er ikkje kome opplysningar i søknadsprosessen i høve til påverknad på annan bruk av området.

Kommunen sin uttale skal tilleggas stor vekt ved vurdering av søknaden. Den avsluttande søknadshandsaminga og interesseavveginga må imidlertid ivareta ei heilskapleg avveging mellom næringsinteressene og andre samfunnsinteresser. Fusa kommune har i sin uttale tilråd etableringa.

Fiskeridirektoratet region Vest skal gje ein uttale i høve til tradisjonelle fiskeriinteresser i slike saker. Fiskeridirektoratet har i sin uttale konkludert med at den omsøkte etableringa ikkje vil få vesentlege negative konsekvensar for det tradisjonelle fisket i området.

#### Vernetiltak:

Det er ikkje kome fram opplysningar om andre verneinteresser som ikkje omfattar av bokstav d i søknadsprosessen.

#### Vurdering i høve til bokstav c):

Mattilsynet DK Sunnhordland har gjeve løyve til etablering etter sitt lovverk.

Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern- og klimaavdelinga har gjeve utsleppsløyve etter forureiningslova.

Kystverket Vest har gjeve løyve til etableringa etter hamne- og farvannslova.

NVE har tidlegare gjeve løyve etter vassressurslova

#### Vurdering i høve til bokstav d):

I kommuneplan sin arealdel for Fusa 2006- 2016 vedteken 23.05.2006 er arealet kor settefiskanlegget er etablert sett av til industri.

#### Konklusjon

Etter ei samla vurdering har Hordaland fylkeskommune gjeve Sævareid Fiskeanlegg AS, org. nr. 924931671, akvakulturløyva med reg. nr. H-FS-15 og H-FS-18 løyve til å etablere settefiskanlegg for oppdrett av laks (*Salmo salar*), aure (*Salmo trutta*) og regnbogeaure (*Oncorhynchus mykiss*) lokalitet 10141 Sævareid i Fusa kommune på nærmare vilkår.

#### Generelle vilkår

Løyve vert gjeve under føresetnad av at etablering, drift og eventuelt avvikling vert gjennomført i samsvar med gjeldande lovverk, forskrifter og vilkår.

Lokalitet skal etablerast i samsvar med vedlagte kart. Dersom De ønskjer å endra anlegget i høve til dette løyvet, må det sendast søknad om dette til Hordaland fylkeskommune.

Løyve etter Akvakulturlova inneber at det er gjeve eit offentleg rettsleg løyve inkludert løyve etter matlov, forureiningslova og hamne- og farvannslova.

Løyvet vert gjeve utan ansvar med omsyn til nabo-, eigedoms- eller andre privatrettslege tilhøve. Dette løyvet frittek Dykk ikkje frå plikt til å innhenta naudsynt løyve etter andre lover, eller plikt til å retta Dykk etter reglar og påbod som vert gjeve med heimel i slike lover.

Løyve kan trekkjast attende eller anlegget kan verte kravd redusert dersom tilhøva skulle tilseie dette.

### Pliktar

Som konsesjonsinnehavar har De plikt til å sette Dykk inn i det regelverket som gjeld for løyver etter akvakulturlova. Akvakulturlova med tilhøyrande forskrifter er tilgjengeleg på [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no).

De pliktar å gje representantar frå Fiskeridirektoratet, Fylkesmannen, Kystverket og Mattilsyn tilgang til gransking av og opplysningar om anlegget.

Kopi av dette løyvet med vedlegg skal oppbevarast tilgjengeleg for alle tilsette på anlegget, og også slik at løyvet kan synast til alle som har kontrollrett.

### Vedlegg

Uttale frå Fylkesmannen i Hordaland 24.02.2015, Mattilsynet DK Sunnhordland 04.11.2014, Kystverket Vest 13.10.2014, og NVE 25.11.2010, samt kart med godkjent plassering av anlegget og klageskjema fylgjer vedlagt.

### Klage

Vedtaket kan påklagast. Sjå om dette i vedlagde orientering. Ei eventuell klage skal framsettast til Hordaland fylkeskommune, sjølv om klaga gjeld vedtak fatta av Fylkesmannen, Mattilsynet eller Kystverket.

I medhald av forvaltningslova sin §27b vert det sett som vilkår for å gå til søksmål at ein har nytta høvet til å klaga. Ein gjer merksam på at eventuell klage ikkje fører til at iverksetjing av vedtaket vert utsett. Det er likevel høve til å søkje om at iverksetjing blir utsett til klagesaka er avgjort.

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

Gudrun Mathisen  
seksjonssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi:

Fiskeridirektoratet Region Vest  
Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvern- og klimaavdelinga  
Mattilsynet Region Sør og Vest, avdeling Hardanger og Sunnhordland  
NVE  
Kystverket Vest  
Fusa kommune  
Fiskarlaget Vest



# H-FS-15 og H-FS-18

## Sævareid Fiskeanlegg AS

### Lokalitet 10141 Sævareid



Hordaland fylkeskommune


Agnes Mowinckels gate 5  
PB 7900  
5020 Bergen

Tlf: 55 23 90 00  
e-post: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.  
Kontonr. [xxxx xx xxxxxx]



# Lokalitet 10141 Sævareid




**Målestokk: 1:5 000**

Hordaland fylkeskommune

Agnes Mowinckels gate 5  
PB 7900  
5020 Bergen

Tlf: 55 23 90 00  
e-post: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.  
Kontonr. [xxxx xx xxxxxx]



<p>(1) Sendar (stemplet til forvaltningsorganet)  <b>Hordaland fylkeskommune</b>  <b>Postboks 7900</b>  <b>5020 Bergen</b></p>	<p><b>Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak</b>          (Forvaltningslova § 27 tredje leddet)</p> <p>(2) Dato 02.03.2015</p>
<p>(3) Mottakar (namn og adresse)  <b>Sævareid Fiskeanlegg AS</b>  <b>5645 SÆVAREID</b></p>	<p>(4) Klageinstans  <b>Fiskeridirektoratet</b>  <b>Postboks 185 Sentrum</b>  <b>5804 Bergen</b></p>
<p><b>Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjord kjend med.</b></p> <p><b>Klagerett</b> De har rett til å klage på vedtaket.</p> <p><b>Kven kan De klage til?</b> Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk (1). Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk (4).</p> <p><b>Klagefrist</b> Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det.</p> <p><b>Rett til å krevjegrunggjeving</b> Dersom De meiner at vi ikkje har grunggeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunggjeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunggjevinga.</p> <p><b>Innhaldet i klaga</b> De må presisere</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- kva for eit vedtak De klagar på</li> <li>- årsaka til at De klagar</li> <li>- den eller dei endringar De ønskjer</li> <li>- eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga</li> </ul> <p>Klaga må underskrivast.</p> <p><b>Utsetjing av gjennomføringa av vedtaket</b> Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort.</p> <p><b>Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing</b> Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk (1). De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.</p> <p><b>Kostnadene med klagesaka</b> De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk (4)) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning.</p> <p><b>Klage til Sivilombodsmannen</b> Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.</p>	
<p>Særlege opplysningar</p>	

X-0073 N (Godkj. 05-95) Elektronisk utgåve